

Kompetanse- og næringsutvalet løyver midlar øyremerka marin sektor

Kompetanse- og næringsutvalet vedtok i sitt møte 18.mars å overføre 8 millionar kroner kvart år til Regional Forskningsfinansiering 2025 og 2026 frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond.

PUBLISERT 26. MARS 2025

Midlane er øyremerka kvalifiseringsprosjekt i marin sektor. Maksimum tilskotsbeløp per prosjekt aukast til 600 000 kroner.

Kvalifiseringsprosjektordninga er eit svært etterspurd verkemiddelet, og fleire av prosjekta som har fått kvalifiseringsprosjektstøtte har vorte vidareført som større FoU-prosjekt med delfinansiering frå nasjonale og internasjonale verkemidlar.

Frå 2024 blei det statlege tilskotet til RFF og Kvalifiseringsprosjekta fjerna. Men fylkeskommunen har med denne overføringa av midlar i 2024 og nå 2025 og 2026, sørga for å oppretthalde satsinga og dermed imøtekomme behov for forskningsbasert innovasjon og omstilling i næringslivet.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 2. april 2025, kl. 09.47 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.